

5 REKKEHUS
10 BUSTADENINGAR

SENTRALT I HORNINDAL

Hornindal Egedomsutvikling AS ved Knut Sollid vil bygge 5 rekkjehus / 10 bustadeiningar, sentralt i Hornindal. Dette vil vere første byggjesteg på denne tomta ved Grodås.

Bustadane er planlagt som rekkjehus med eigen bustad i sokkeletasjen. Bustadane i sokkeletasjen er vestvendte, på eitt plan og har inngang frå vest. Bustadane over er på to plan, dei er gjennomgåande og har tilkomst frå aust frå ein ovanforliggende veg.

Alle bustadeiningane vert seksjonert som sjølveigde og får ein del av felles tomteareal. Sal av bustadane går gjennom bank / eigedomsmeklar.

Prosjektet har fått Rammeløyve og har fått Igangsettingsløyve for grunnarbeid. Igangsettingsløyve for resten av prosjektet vert søkt om når interessa for bustadane er stor nok. Grunnarbeidet vert oppstarta i november.

Alle bustadane er planlagde for å tilfredsstille krav til Livsløpstandard.

Bustadane er planlagt for å utnytte tomtearealet betre enn det tradisjonelle einebustadar gjer, dette har vore ein føresetnad i prosjektet for å kunne bygge nær sentrum.

Vi ynskjer likevel at husa skal ha karakter av å vere frittliggende bustadhus, og vi presenterar derfor denne bustadforma. Alle bustadane har direkte inngang, det er ingen felles trappeoppgang.

Vi trur desse bustadane vil passe godt i Hornindal, ein kan bu sentralt, med mange av dei kvalitetane ein frittliggende bustad har.

TILKOMST

Bustadane får tilkomst frå ny kommunal veg, som i første omgang berre vert bygd til denne tomta. Den kommunale vegen skal forlengast vidare mot nord slik at det vert samanheng i det kommunale vegnettet, dette ligg i arbeid som vert gjort med reguleringsplanen for sentrum.

PARKERING OG VEGAR

Bustadane i sokkeletasjen vil få disponere ein parkeringsplass framfor husa i sydenden av tomta. Det kan seinare byggast garasjer her. Det er rekna plass til 1,5 bil pr bustad i sokkeletasjen. Hovudbusadane får overdekka carport mellom husa, i tillegg er det oppstillingsplass for ein bil til bakanfor denne, i eigen innkjørsle. Dersom det er behov kan det opparbeidast kantparkering langs den øvre tilkomstvegen. Felles vegar vert asfalterte.

OPPSTART

Prosjektet er under oppstart.

INNFLYTTING

Dei første husa skal vere klare for innflytting tidleg haust 2012.

AREALOVERSIKT

Det er 5 like 1-2 roms bustader i sokkeletasjen
(1-2 soverom i tillegg til gang / stove / kjøken / bad / bod)
Bustadane over har 2 storleikar, det er 3 bustader som er 3-roms, og 2 som er 5-roms
(3 eller 5 soverom i tillegg til gang / stove / kjøken / bad / bod)
Planløysingane er teikna generelt. Husa er fleksible, endringar kan gjerast etter ynskje.

AREAL

NR	BUSTAD SOKKEL	BRUTTOAREAL	BRUKSAREAL
01	Sokkeletasje	82,1.m ²	72,8.m ²
03	Sokkeletasje	82,1.m ²	72,8.m ²
05	Sokkeletasje	82,1.m ²	72,8.m ²
07	Sokkeletasje	82,1.m ²	72,8.m ²
09	Sokkeletasje	82,1.m ²	72,8.m ²
NR	BUSTAD HOVEDETASJE	BRUTTOAREAL	BRUKSAREAL
02	Hovedetasje + loft	77,8 + 64,3.m ²	69,8 + 57,7.m ²
	Sum	142,1.m ²	127,5.m ²
04	Hovedetasje + loft	77,8 + 64,3.m ²	69,8 + 57,7.m ²
	Sum	142,1.m ²	127,5.m ²
06	Hovedetasje + loft	77,8 + 83,2.m ²	69,8 + 75,2.m ²
	Sum	161,0.m ²	145,0.m ²
08	Hovedetasje + loft	77,8 + 64,3.m ²	69,8 + 57,7.m ²
	Sum	142,1.m ²	127,5.m ²
10	Hovedetasje + loft	77,8 + 83,2.m ²	69,8 + 75,2.m ²
	Sum	161,0.m ²	145,0.m ²

TEKNISKE OPPLYSNINGER :

YTTERVEGGAR

Delar av vegg i sokkeletasjonen vert utført i betong. Desse veggane vert påføra og isolerte slik at det ikkje vert synlege overflater i betong. Øvrige veggar er treveggar.
Utvendig er husa kledde med trepanel, liggande kledning / vestlandspanel.
Panelet vert grunna og beisa eitt strøk.

YTTERTAK

Det vert levert betongstein type H-PANNEN.

INNERVEGGAR

Innvendig vert bustadane levert med ferdigmåla plater på veggar i tørre rom.
I våtrom (bad / vaskerom) er det flis på vegg, i moderne utførelse.
I bad på loft vert det nytta baderomsplater.

GOLV

Det vert lagt parkett (laminat) på golv i tørre rom. I våtrom vert det lagt flis, i moderne utførelse.

HIMLING

Det vert nytta ferdigmåla plater type TAKESS eller liknande.

VINDAUGE / DØRER

Alle vindauge vert levert som NORDVESTVINDUET med trekarmar og 2-lags isolerglas, med u-verdi i gjennomsnitt 1,2. Einskilde glas har faste karmar. Smale felt i doble ruter er sidehengsla, og små kvadratiske ruter er topphengsla.

Verandadører vert levert frå NORDVESTVINDUET. Det er heve / skyvedører i sokkeletasje og til balkong på hovedetasje. Verandadør på loft er fastfelt (som vindauge) og slagdør.

Ytterdør (inngangsdør) er type TRENOR.

Innerdører er TRENOR, type glatt / kvit.

Vindauge og dører vert levert ferdig måla, inne og ute, farge kvit : 0502Y.

Innerdører kan endrast etter ynskje.

LISTVERK

Fotlister vert levert som glatt list 12x58 mm.

Dørlister og lister på vindauge (gerikter) vert levert som avrunda list 12x58 mm.

Lister i himling vert levert som enkel hulkillist. Alt listverk vert måla i farge kvit : 0502Y

TRAPP

Trapp vert levert som STRYNETRAPPA type FAUNA i lakkert furu, med rekkverk / retturekkverk som spilerekker med kvadratisk profil. Det vert råda til å nytte hardved trinn. Dette er eit tilvalg.
Andre typer trapp vil og vere eit tilvalg.

KJØKEN

Det vert levert kjøkeninnreiing av type HJELLEKJØKEN i lakkert furu, med benkeplate i laminat.
Til kjøken vert det levert integrert komfyrtopp og komfyr, ventilator og oppvaskmaskin.

Utførelse på innreiing og utstyr kan endrast etter ynskje som tilvalg.

BAD

Det vert levert sanitærporselen av type PORSGRUNN, farge kvit, og armatur av type ORAS.
Servant på bad vert felt inn i servantskåp.

Det vert levert speil over servant på alle bad, 90 x 60 cm. Speil vert limt på vegg der det er flis.

Det vert ikkje montert toalettgarnityr som handlehalddarar eller liknande.

Bada / vaskeromma er klargjort med opplegg for vaskemaskin / tørketrommel.

Det vert levert rustfri utslagsvask på vaskerom i bustad på hovudetasje.

Det vert montert utvendig spylekran ved inngang / carport.

VARMVASSBEREDER

I sokkeletasjen vert det levert bereder på 120 liter. Beredaren er plassert på bad.

I hovudbustadane vert det levert bereder på 200 liter. Beredaren er plassert på vaskerom
(alternativt på bad på loft)

OPPVARMING

Det vert lagt varmekablar i golv i bustadane i sokkeletasjen. Dette gjeld bad, gang og stove.

I soverom og disponibelt rom vert det montert moderne gjennomstrømmningsomnar.

I hovudbustad vert det lagt varmekablar i vindfang, bad/vaskerom. Det vert montert
gjennomstrømmningsomnar på soverom og stove. Vassboren gulvarme kan leggast som tilvalg.

Air-to-air varmepumpe kan leverast som tilvalg. Plassering avtalast med arkitekt.

VENTILASJON

Det er krav til balansert ventilasjonsanlegg med varmegjenvinning i alle bustadeiningane. Det vert levert separate anlegg i kvar bustad av type VILLAVENT eller tilsvarende.

PEIS / OMN / PIPE

Det vert installert pipe i kvar bustad. Det vert separate pipeløp for kvar bustadeining.

Peis eller omn er ikkje med i leveransen. Det vert lagt til rette for at det kan installerast peis / omn både i hovudetasjen og på loft i den øvre bustaden..

ELEKTRISK ANLEGG

Tavleskåp vert plassert i bod. Tavleskåp er forsynt med inntakssikring, overspenningsvern og jordfeilautomat. Det vert montert utvendig stikkontakt ved inngang / carport.

BELYSNING

Det er klargjort for montering av lampar / belysning i alle rom. Det vert levert ferdig montert lysarmatur over komfyr og baderomsinnreiing. Det vert montert 1 stk utelampe ved inngang.

OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS

TELEFON / TV / KABELNETT

Det vert montert eige breibandsinntak og TV-antenne for kvar bustadeining.

BRANNVARSLAR / SLØKKJEUTSTYR

Bustad i sokkel vert levert med 1 stk røykvarslar og 1 stk 6kg pulverapparat.
Hovudbustad vert levert med 2 seriekobla røykvarslarar og 1 stk 6 kg pulverapparat.

OFFENTLEGE AVGIFTER

Byggesaksgebyr vert betalt av utbyggjar.

Kvar bustad vil få eige abonnement mot Hornindal Kommune for vatn og renovasjon, og eigen avtale med kraftleverandør (straum) Tilknytingsavgifter for straum og vatn vert å betale av kvar bustad.

BOSSHANDTERING

Det vil bli tilrettelagt for ein felles oppstillingsplass for bossdunkar. I det øvrige lyt ein følge retningslinjer frå Hornindal Kommune.

UTSTYR

Det vert ikkje levert skåp eller annan innreiing, utover kjøken.

Møblering er teikna for å gje eit inntrykk av bustadane.

PRIS

NR	BUSTAD	PRIS	BUD
01	Sokkeletasje	Kr. 1.780.000,-	Ledig
03	Sokkeletasje	Kr. 1.680.000,-	Ledig
05	Sokkeletasje	Kr. 1.680.000,-	Ledig
07	Sokkeletasje	Kr. 1.680.000,-	Ledig
09	Sokkeletasje	Kr. 1.780.000,-	Ledig
02	Hovedetasje + loft	Kr. 2.830.000,-	Reservert
04	Hovedetasje + loft	Kr. 2.730.000,-	Ledig
06	Hovedetasje + loft	Kr. 2.780.000,-	Ledig
08	Hovedetasje + loft	Kr. 2.730.000,-	Ledig
10	Hovedetasje + loft	Kr. 2.880.000,-	Ledig

Prisane er faste fram til 01.05.2012

Geilo / Hornindal 17.11.2011

ARKITEKT

W&B Arkitekter AS
Boks 110
3581 Geilo

Dag Langve Sauge / Jorunn Westad Brusletto
Tlf : 32 09 10 77
post@wesbru.no

KONTAKT

Knut Sollid
Tuppen 6
6763 Hornindal

Stig Olav Lødemel

.....
.....

Tlf : 900 37 505

Tlf : 911 54 140

kasollid@online.no

stig.olav@loedemel.no


OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



5 rekkehush med 10 bustader

OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



FASADE VEST




FASADE NORD



FASADE SØR



FASADE ØST



SOKKELETASJE


5 bustader på eitt plan.

Bruttoareal 82,1m²
Bruksareal 72,8m²

Overdekka inngangsparti og terrasse.

Bustad 1 får vindauge mot nord i kjøken og arbeidsrom.

Bustad 9 får vindauge mot sør i soverom.



OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



SOKKELETASJE

OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



HOVUDETASJE

5 bustader på to plan.

Bruttoareal 77,8m² + loft
Bruksareal 69,8m² + loft

Overdekka inngangsparti og carport.

Bustad 2 får vindauge mot nord i kjøken og bod.

Bustad 10 får vindauge mot sør i carport.






HOVUDETASJE



OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



OSPEGJERDET

HORNINDAL
EIGEDOMSUTVIKLING AS



LOFT

Øvre del bustad 2, 4 og 8

Bruttoareal 64,3m²
Bruksareal 57,7m²



LOFTSTOVE



BUSTAD 6 OG 10